*** Forenklingsutvalet**

**Tilskotssystemet** bør forenklast av omsyn til folkeopinionen, ifølgje Sponheim, og ikkje av omsyn til bønder eller byråkratar.

# Vil forenkle av omsyn til folkemeininga

Måndag la arbeidsgruppa som har vurdert forenklingar i tilskotssystemet i jordbruket fram rapporten. Gruppa, som er leia av tidlegare landbruksminister og Venstre-leiar Lars Sponheim, har vurdert og la fram ei rekkje forenklingsforslag. Sjølv tek gruppa verken ikkje stilling til forslaga eller kjem med anbefalingar.

– Vi har ikkje spissa dette til mange skarpe konklusjonar. Det er meir ein katalog av ulike alternativ. Politikken dukkar opp når ein skal begynne å forhandle fram endringar. Forenklingar fører lett til at systemet blir meir grovmaska og det kan føre til omfordelingar, seier Sponheim og viser til at det blir det opp til partane i jordbruksoppgjeret å ta stilling til.

### – Viktig for opinionen

Sjølv om gruppa ikkje går ut med anbefalingar, seier Sponheim at det er behov for forenklingar. Forenklingsbehovet meiner han derimot ikkje kjem er av omsyn til ein enklare kvardag for bøndene eller byråkratane.

– Vi har diskutert kven vi skal forenkle for. Det er ikkje først og fremst for bonden vi treng forenklingar. Den enkelte bonden finn ut av systemet ganske fort. Sonen min tok over garden nyleg. Eg tok tida på han og han brukte 14 og eit halvt minutt på å finne fram i ordningane. Det er til å leve med, sa Sponheim.

Han seier det heller ikkje er av omsyn til forvaltninga ein treng forenklingar, sjølv om enkelte forslag ifølgje Sponheim kan gi reduserte forvaltningskostnader.

– Det er av omsyn til den allmenne opinion vi treng forenkling. Mange har godhug for landbruket, men mange er frustrerte over ordningar dei ikkje klarer forstå. Derfor er forenkling viktig for framtida til landbruket, og for opinionen, seier Sponheim.

> **IKKJE FOR BONDEN**
> «Det er ikkje først og fremst for bonden vi treng forenklingar.»
> LARS SPONHEIM
> LEIAR AV FORENKLINGSGRUPPA

### To hovudalternativ

I rapporten er det skissert to hovudalternativ. Eit er «revisjonsalternativet», der det blir lagt fram rundt 25 moglege måtar å forenkle dagens verkemiddelsystem.

Det andre blir omtalt som «revolusjonsalternativet». Der blir ordningar med ei samla løyving på fire milliardar kroner, deriblant velferds-, investerings-, beite-, prisnedskrivings- og fraktordningar, avvikla og overført til åtte hovudordningar.

Sponheim karakteriserte «revolusjonsalternativet» som ei spenstig og morosam øving.

– Vi blei freista til å gjere ei øving for korleis vi kunne laga eit verkemiddelsystem om vi skulle starta med blanke ark. Det er ein radikal idé som kan vere til inspirasjon, seier Sponheim, som understrekar at revolusjonsalternativet uansett treng ytterlegare konsekvensutgreiing særleg av dynamiske effektar over tid.

**– Er revolusjonsalternativet mest teoretisk interessant, og lite aktuelt i praksis?**

– Ja, det er iallfall teoretisk interessant. Det kan vere nyttig å tenke utanfor boksen. Det er ein invitasjon til ein brei diskusjon, seier Sponheim.

### Dale: – Stort potensial

Landbruks- og matminister Jon Georg Dale (Frp) seier han vil sjå nærare på forslaga. Kor mange det er aktuelt å fremje i jordbruksoppgjeret kunne han i går ikkje svare på.

– Det står att å sjå, men rapporten viser at det er rom for å gjere betydelege forenklingar. Nokre av dei vil vi nok prøve å få gjennomført frå 2017, seier Dale, som vedgår at «revolusjonsalternativet» er lite aktuelt i praksis.

– Det viser potensialet for forenklingar, men det er ingen lett veg dit. Det er derimot dumt å avvise det som ein del av diskusjonen, seier han.

**– Kan eit meir grovmaska system gi mindre mat frå norsk jord?**

– Det er alltid ein risiko ved eit mindre finmaska system, men eg trur risikoen er vel så stor ved ikkje å gjere noko. Erfaringane med lammetilskotet viser òg at det går å forenkle, og likevel oppnå meir matproduksjon, seier Dale.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

> **Fakta**
>
> **Forenklingsutvalet**
>
> *** Hausten 2014 blei** det oppnemnd ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå verkemidla i jordbruksavtalen og føreslå forenklingar som skal gi eit enklare og meir oversiktleg system.
>
> *** I mandatet heiter** det at gruppa skal føreslå færre og enklare ordningar som er meir målretta mot auka effektiv matproduksjon på små og store bruk over heile landet.
>
> *** Ein delrapport blei** lagt fram i mars i fjor. Hovudrapporten blei lagt fram i går.
>
> *** Lars Sponheim har** leia gruppa. Dei andre medlemene har vore Kristin Ianssen (Bondelaget), John Petter Løvstad/Johan Warlo (Småbrukarlaget), Marit Bårnes (Norsk Landbrukssamvirke), Bjørn-Ole Juul-Hansen (Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund), Viil Søyland (Landbruks- og matdep.), Per Skjeflo (Finansdep.), Kirsten Indgjerd Værdal (Fylkesm. i Nord-Tr.l.) og Ole Gjølberg (NMBU/uavh.)

**nationen.no**
Sjå heile rapporten på nationen.no.



**Overlevering:** Arbeidsgruppa leia av tidlegare landbruksminister Lars Sponheim (t.v.)

## – Kan forenkle

Blant ordningane som er aktuelle for forenklingar, ifølgje Sponheim og Dale, er velferds- og avløysarordninga, regionale miljøprogram og beitetilskot.

Regionale miljøprogram (RMP), som blei innført medan Lars Sponheim var landbruksminister, er blant ordningane som dagens landbruks- og matminister Jon Georg Dale (Frp) trekk fram som aktuelle for forenkling.

– Det er ikkje sikkert at slike ulike skjøtselsprogram er den beste måten å stimulere til meir matproduksjon, sa Dale på pressekonferansen i går.

Overfor Nationen sa Dale at han ikkje nødvendigvis vurderer



overleverte i går rapporten om forenklingar til landbruks- og matminister Jon Georg Dale (Frp).

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

# velferdsordningar og miljøprogram

det som den enklaste plassen å gjere forenklingar på, men at det likevel er ein stad ein kan forenkle og samtidig oppnå meir matproduksjon.

Sponheim vedgjekk at dei regionale miljøprogramma er blant tiltaka som har skapt flest nye tilskotsordningar og at det er eit betydeleg forenklingspotensial der. Han viste likevel til at ordninga også opnar for å tilpassingar etter lokale forhold.

– I nokre fylke er kanskje forureiningsproblematikken mest aktuell, medan i andre er det kulturlandskapet, sa han.

**– Vurder velferdsordningar**

Sponheim trekte sjølv fram ulike velferdsordningar som aktuelle for forenklingar.

– Ein kan stille spørsmålet ved om jordbruket skal ha ei eiga sjukelønsordning, eller om det er noko Nav kan ordne, sa han.

Sponheim trekte også fram tidlegpensjonsordninga og avløysarordninga.

– Historisk sett er det gode grunnar til at desse blei oppretta, men mykje har endra seg sidan den tid, sa Sponheim.

**MILJØPROGRAM**

«Det er ikkje sikkert at slike ulike skjøtselsprogram er den beste måten å stimulere til meir matproduksjon.»

JON GEORG DALE (FRP)
LANDBRUKS- OG MATMINISTER

Han viser til store endringar i pensjonsordningane dei siste åra, i tillegg til at det ifølgje Sponheim i dag er tilstrekkeleg for bonden å vise fram ein faktura for å få refundert utgifter til avløysar.

**– Kan det vere at bønder ikkje vil ta seg råd til å ta fri om avløysartilskotet blir fjerna?**

– I dag er det nok å ha ein faktura å vise til at ein har kjøpt avløysartenester. Det er opp til bonden sjølv å bestemme om han reelt sett vil ha fri. Dei siste åra har bøndene også blitt meir proffe og driv i større skala. Dei kan få fridom til å bestemme det sjølv, seier han.

**Beitetilskot og erstatningar**

Sponheim viser også til at beitetilskotet til dømes går igjen i ulike former og ordningar.

– Beitetilskota kan til dømes samlast i dei regionale miljøprogramma, seier Sponheim.

Han stilte også spørsmål ved om ein skal ha eigne erstatningsordningar i jordbruket på felt der det er mogleg å tenke seg at bønder i staden teiknar forsikringar.

FORENKLINGSUTVALET



**Frakt til slakt:** – Vi kan ikke vedta oss til en ny geografi for landet vårt, sier administrerende direktør i Norsk landbrukssamvirke Ola Hedstein, som er spesielt bekymret for fjerning av frakttilskuddet. Det kan føre til ekstra kostnader i forbindelse med frakting til slakteriene. FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

# – Forslag gagner ikke distriktene

**Forslag fra Sponheim-utvalget kan svekke landbruket i distriktene, mener både Landbrukssamvirket og Småbrukarlaget.**

– Noen av forslagene i rapporten, vil kunne føre til en svekkelse av distriktslandbruket, sier administrerende direktør Ola Hedstein i Norsk landbrukssamvirke. Han sikter særlig til Sponheim-utvalgets forslag om å fjerne frakttilskuddet. Bortfallet kan føre til ekstra kostnader for produsenter som har lang reisevei til slakteri.

– Jeg stusser over at man vurderer å fjerne frakttilskuddet. Det er et presist virkemiddel for å sikre utjevning mellom sentrum og periferi og vil sentralisere landbruket. Når utvalget peker på den store usikkerheten knyttet til konsekvensene av å erstatte ordningen med andre virkemidler, er det all grunn til å merke seg det. Vi kan ikke vedta oss til en ny geografi for landet vårt.

**– Skivebom**

Hedstein mener den spenningen mellom sentrum og periferi som tegnes opp i rapportens «revolusjonsalternativ», viser at utvalget selv ser faren for at distriktslandbruket kan svekkes.

– Når det gjelder den typen tenkning som revolusjonsalternativet representerer, er det grunn til å rope varsku dersom det medfører usikkerhet om virkemidlene er de rette til å nå de landbrukspolitiske målene som er vedtatt. Det vil være skivebom å svekke evnen til å utnytte arealressursene ved inngangen til det grønne skifte.

**– Ser ut som avvikling**

Også Norsk Bonde- og Småbrukarlag frykter en svekkelse av distriktslandbruket.

– Det ser dessverre ut som en del av tiltakene innebærer avvikling som ikke kommer distriktsjordbruket til gode. Vår representant har sittet i utvalget med tanke på forenklinger, ikke avviklinger, sier Merete Furuberg i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Hun synes det er vanskelig å ta stilling til en så ny rapport, men synes ikke det ser ut som om den bare inneholder forenklinger og frykter at pengene til bonden vil reduseres.

– Om vi skal være med på at et tiltak er en forenkling, må ikke pengepotten reduseres og fortsatt komme distriktsjordbruket til gode.

**Stor jobb**

Furuberg reagerer også på den store jobben som blir overlatt til partene i jordbruksoppgjøret.

– Rapporten inneholder ingen konklusjoner, men er en lang smørbrødliste med oppramsinger. Det gjør det vanskelig å ta stilling. Å vurdere forslagene blir en veldig stor jobb for oss i jordbruksoppgjøret.

Hedstein synes det er betryggende at heller ikke Sponheim-utvalget går inn for revolusjonsalternativet.

– Utvalget skriver at de selv ikke klarer å måle konsekvensene av revolusjonsalternativet. Det betyr at det er en betydelig grad av usikkerhet ved det. Det er betryggende at ikke engang utvalget selv går inn for forslaget. Gundersen, Pollestad, Storberget og resten av næringskomiteen må ikke se seg blinde på forenklings-retorikken.

KENNETH WANGEN
kenneth.wangen@nationen.no

**EKSTRA UTGIFT**

«Jeg stusser over at man vurderer å fjerne frakttilskuddet.»



OLA HEDSTEIN
ADMINISTRERENDE DIREKTØR
I NORSK LANDBRUKSSAMVIRKE

## – En litt avansert skolestil

**En skolestil som ikke tilfredsstiller mandatet. Det mener Geir Pollestad (Sp) om Sponheim-rapporten.**

Pollestad, som leder næringskomiteen på Stortinget, kaller Sponheim-rapporten en «oppramsing» som ikke svarer på mandatet.

– Jeg registrerer at utvalget ikke har svart på det som er mandatet. De har ikke foreslått et nytt tilskuddsregime for landbruket. Det er en oppramsing av at det meste er for byråkratisk. De har hoppet bukk over forslagene og har utarbeidet en lang og litt avansert skolestil, sier han.

**– Må ha briller**

Ett av rapportens hovedanliggender er å se på muligheten for mindre differensierte tilskuddsordninger.

– Men hele ordningen med differensiering bygger på at det er ulike behov i ulike deler av landet. Vi må ha et støttesystem som legger opp til det.

Når rapporten skal leses i forbindelse med jordbruksoppgjøret, må den leses med brillene på, mener Pollestad.

**Kan være forverring**

Knut Storberget mener rapporten er spennende.

– Fra Aps side ivrer vi for å øke matproduksjonen og lønnsomheten til de som produserer den. Da er vi interessert i alle virkemidler for å klare det, sier Storberget.

Han minner riktignok om at en forenkling i realiteten kan bety en vanskeliggjøring.

– At forenklinger kan forverre har vi sett eksempler på de siste årene. Jeg håper at rapporten kan bidra til forenklinger.

**– Tror du det kan være forverringer i rapporten?**

– Jeg vil forskuttere noenting. Det er partier som i likhet med Ap vil ha ordninger som fungerer best mulig.



**Kritisk:** Pollestad, som leder næringskomiteen på Stortinget, kaller Sponheim-rapporten en «oppramsing» som ikke svarer på mandatet. FOTO: MARI GISVOLD GARATHUN